

Oppsummering av kaffimøtet 19.02.19

1. Visit Gol:

Nina Lessner kom til møtet og presenterte seg sjølv, pga lite oppmøte kjem ho attende til neste møte. Nina jobbar i ei 60 % stilling hjå Visit Gol, og tek med seg kompetanse frå reiselivet.

2. Anna frå Visit Gol;

Sykkelprosjekt - dagleg leiar jobbar vidare med sykkelprosjektet og er invitert til ein tur til Texas USA for erfaring og kunnskapsamling

Fakkelløpet – god deltaking, blant anna 10-13 lag (næringsliv)

Slarverøpet - godt i gang, samarbeid med Visit Gol og idrettslaget

Møte med eigedomsmeklar – marknadsføring av Golsfjellet

Vinterferie – eige vinterferietilbud, kampanje på nett og på plakatar

3. Kommunen

- Kommunedelplan Gol tettstad:

-administrasjonen er i drøftingar med fylkesmann og fylkeskommune om løysing på motsegner. Venter på svar.

- kommuneplan (arealdelen):

-overordna føringar er vedtatt av Planutvalet.

-kommunestyret skal sluttbehandle planprogrammet i kveld.

Saker som skal opp til politisk behandling med det første er mellom anna:

-Reguleringsplan og utbyggingsavtale for Sentrumskvartalet. – godkjent av K-styret, om lag 1,6 mill. kroner inkl. bygging av gangveg langs Gymnasvegen.

-Godkjenning av ny brannordning i Hallingdal samt oppretting av prosjektgruppe som skal vurdere framtidig lokalisering av brannstasjon- prosjektgruppe er oppretta og skal ha sitt første møte i veke 9

-Forprosjekt for utbygging av Gol renseanlegg- kostnadsrekna til 55-60 mil kr. Eks. mva. Forprosjektet skal behandlast av kommunestyret i kveld.

-Stadutviklingsprosjekt Gol tettstad- prosjektplan, behandlast av kommunestyret i kveld.

-Næringsfondet- det var tildelt totalt kr. 260.000 ved tildelinga for 1. halvår 2019. 5 av 8 søkjarar fekk tilskot.

Anna info:

-Vedteke utbygging ADA/ODA, med solcelletak

-Ombygging gamle ungdomskulen- trinn II, til Ung Invest og læringscenter